
Saksnr: 2020/49137-26
Saksbehandlar: Matti Torgersen
Dato: 03.05.2021

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Status for revidert Bømlopakke

I brev frå samferdselsdepartementet datert 9 desember vart det krav om ekstern kvalitetssikring (KS2) for revidert Bømlopakke, jf. RS-sak 14/2021 den 12. januar i SAMO og RS-sak 1/2021 i fylkesutvalet 19. januar. KS2-rapporten vart levert 1. mars 2021, og på grunnlag av dette har fylkesrådmannen vore i dialog med departementet om stortingsproposisjon med sikte på å leggje den fram i vårterminen 2021. Det ligg føre eit ferdig utkast til proposisjon i Samferdselsdepartementet. Proposisjonen omfattar bygging av 5 prioriterte prosjekt med 5 andre prosjekt på reserveliste, med bompengeneinnkrevjing på 4 nye bomstasjonar rundt Svortland i tillegg til vidareføring av bompengeneinnkrevjing på Spissøy og på ferjesambandet Langevåg- Buavåg. Det vart føresett reduserte takstar samanlikna med dagens nivå.

Bømlø kommunestyre gjorde slikt vedtak 22. mars 2021 mot 7 røyster (sak 31/21) basert på eit innbyggjarinitiativ «Nei til bomring rundt Svortland:

«Bømlø kommunestyre vil prioritere å sikre finansiering og å gjennomføre dei viktigaste prosjekta i opphøveleg Bømlopakke.

Under føresetnad av at ein kan halda framdrifta i søknadsprosess med handsaming av proposisjon om ny revisjon Bømlopakke i Stortinget før sommaren 2021, ber kommunestyret om følgjande endringar i proposisjonen:

a. Det vert søkt om innkrevjing etter same modell som i dag med ytre bomsnitt på Spissøy og innkrevjing på ferje Langevåg - Buavåg.

b. Kun følgjande prosjekt vert prioriterte:

i. Fv 541 Sakseid - Hestaneset

ii. Fv 542 Notland - Mosterhamn

iii. Fv 541 Sakseid - Ekornsæter

c. Takst over Spissøy og ferja Langevåg-Buavåg skal tilpassast finansiering for desse tre prosjekta og ei nedbetaling på 15 år, men aldri høgare enn dagens takst. Innkreving stoppar opp om prosjekta i punkt b. er ferdigfinansierte før 15 år.

d. Satsar for nullutsleppskøyretøy skal til ei kvar tid følgje maksimalt tillatt nivå i nasjonale retningsliner.

Om det viser seg umogleg å gjennomføre endringar som i avsnitt 2 utan ny, full runde med søknadsprosess om bompengefinansering, vedtek Bømlø kommunestyre følgjande:

Bømlø kommunestyre ber om at Vestland fylkeskommune sender gjeldande søknad om revidert Bømlopakke til Samferdselsdepartementet med mål om slutthandsaming på Stortinget før sommaren 2021.»

På grunnlag av kommunestyret sitt vedtak, vart det halde eit møte mellom samferdselsministeren og fylkesordførar 8. april. Det vart orientert om dette i møte med kommunen 12. april 2021. I møtereferatet med kommunen står det m.a. følgjande:

«For å kunne fremje ein endra opplegg etter kommunestyret sitt vedtak 22. mars, legg vi opp til følgjande saksgang:

Det vert utarbeida eit fagleg opplegg med trafikkanalyse, takstsystem og finansieringsplan, i tillegg til at fylkeskommunen må ha grunnlag for å kunne gjere naudsynt garantivedtak. Vestland fylkeskommune går i dialog med Vegdirektoratet om kva for krav som må stillast til dei vedtak som må gjerast. Det faglege grunnlaget må bli handsama av kommunestyret og fylkestinget i juni. Det må truleg gjerast likelydande vedtak.

Fylkeskommunen utarbeidar parallelt med dette eit utkast til bompengeproposisjon som rett etter vedtak i kommunestyre og fylkesting som sendast først til Vegdirektoratet for kvalitetssikring. Etter det må fylkeskommunen innarbeide eventuelle endringar, og sende utkastet til proposisjon til til Samferdselsdepartementet som legg det fram i statsråd før saka blir oversendt Stortinget. Departementet anslår at samla sett vil saksgangen i Vegdirektoratet og samferdselsdepartementet måtte ta om lag 2 månader.»

Usikkerheit

Fylkeskommunen er innstilt på å avsetje ressursar til arbeidet, og å få sendt inn ein revidert proposisjon under føresetnad at Bømlo kommune ber fylkeskommunen om å gjere dette.. Samferdselsministeren har også ein klar ambisjon om å kunne fremje ein endra proposisjon om fylkeskommunen ønskjer dette. Samstundes inneberer dette ein særskild krevjande framdrift som avviker frå normale prosedyrar for sakshandsaming både på fylkeskommunalt og statleg nivå. Det er ein risiko for at sentrale styresmakter vil ha innvendingar til innhald og formalitetar for ein revidert pakke som gjer at tidsplanen ikkje held. Det er difor ein viss risiko at det ikkje lukkast å få fram ein bompengeproposisjon i august i år.

Fylkeskommunen må ha tilbakemelding frå kommunen

Fylkesordførar har avtalt å gje tilbakemelding til samferdselsministeren i møte fredag 22. april. Bømlo kommune må difor før den tid gje tilbakemelding på kva for eit alternativ kommunen ønskjer at fylkeskommunen skal fremje. Det er to alternativ:

Fylkeskommunen ber statsråden fremje utarbeida proposisjon etter vedtak frå 2018 med 5 prioriterte prosjekt og 5 prosjekt på reserveliste, med 5 bomstasjonar og innkrevjing på ferjesambandet Langevåg-Buavåg. Dette vil truleg medføre at proposisjonen blir handsama før sommaren 2021.

Fylkeskommunen ber statsråden fremje ein alternativ proposisjon etter kommunen sitt vedtak 22. mars om berre innkrevjing på Spissøy og på ferjesambandet Langevåg-Buavåg med gjennomføring av 3 prioriterte prosjekt. Dette vil truleg medføre at proposisjonen blir fremja i august 2021, med sannsynleg handsaming i Stortinget i vårterminen 2022.

Fylkeskommunen ber om tilbakemelding seinast 20. april.»

På grunnlag av dette vart det gjort følgjande vedtak i formannskapet på Bømlo 22. april 2021:

Ordføraren viste til informasjonen han sendte til kommunestyret fredag 16. april og bad formannskapet om samtykke til å sende svar til Vestland fylkeskommune innan fristen. Formannskapet meiner det ikkje er noko rom for mistolking av kommunestyrevedtaket frå 22. mars i år, sak 31/21.

Formannskapet bed administrasjonen skrive ny sak til kommunestyret sitt møte i 10. mai der ein utgreier hovudpunkta i vedtaket i kommunestyresak 31/21

Seinare same dag vart det eit nytt møte mellom samferdsleministeren og fylkesordførar. I referatet frå møtet står m.a. følgjande:

«Samferdselsministeren la til grunn at det no er for seint å fremje den ferdige proposisjon for revidert Bømlopakke for handsaming i Stortinget i vårterminen. Kommunestyret sin føresetnad for vedtaket er difor ikkje lenger til stade. Konklusjonen er difor at Vestland

fylkeskommune utarbeidar framlegg til ny stortingsproposisjon med eit revidert bompengelopplegg etter andre punkt i formannskapet si innstilling med vidareføring av dagens innkrevjing. Denne vert handsama av kommunestyret på Bømlo og i fylkestinget i juni, og departementet tek sikte på å fremje denne for Stortinget i august 2021.

Det er ein risiko for at det ikkje lukkast å få fram eit utkast til ein alternativ proposisjon som kan godkjennast av departementet. Om dette ikkje lukkast, legg statsråden opp til å fremje den opphavlege proposisjonen, jf. punkt 1 i formannskapet på Bømlo si innstilling.»

På grunnlag av dette, arbeider fylkesrådmannen med å utgreie alternativt finansieringsopplegg. For å handtere usikkerheit i inntekter og kostnadsanslag, er det føreslått å setje av noko midlar til ein reserveliste. Baser på dette gjorde kommunen slikt vedtak 10. mai:

1. «Kommunestyret tek Kommunedirektørens informasjon om status for Bømlopakke II til orientering
2. Kommunestyret ber Vestland jobbe vidare med alternativ løysing for Bømlopakke II. Det vil sei innkrevingspunkt som i dag med bomsnitt på Spissøy og innkreving på ferje mellom Langevåg og Buavåg. Innkrevingstid på 15 år
3. Kommunestyret i Bømlo ber Vestland kvalitetssikre og lage saksframlegg svarande til alternativ 1 i fylkeskommunens notat av 6.mai 2021
4. Det vert sett opp ei liste for hovudprosjekt og ei reserveliste. Liste for hovudprosjekt skal svare til kommunestyrets vedtak av 22.mars 2021. Reservelista skal namngje minimum 3 prosjekt. Ein eventuell restsum skal nyttast til mindre utbetringar av det fylkeskommunale vegnettet på Bømlo.

Reserveliste:

- Totlandsvegen - Grindheimsvegen
 - Laurhammerkjosen - Olakjosen
 - Grønnevik - Sakseid
5. Vestland lagar utkast til saksframlegg for handsaming i ekstraordinært kommunestyre medio juni
 6. Utkast til proposisjon skal ferdigstillast seinast august for handsaming i Stortinget i oktober 2021
 7. Dersom ein av ulike grunnar ikkje får ferdig stilt forslag til alternativ proposisjon før august 2021, skal Vestland fylkeskommune sende proposisjon basert på 2018 vedtaket til handsaming i Stortinget
 8. Viss det i perioden kjem nye innkrevingsløysingar skal desse vurderast»

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Etter at KS2-evalueringa tyda på at innkrevjingskostnadene for ny pakke ville kunne gje relativt høge kostnader i forhold til meirinntekten, gjorde kommunestyret eit nytt vedtak. Dette saman med usikkerheit om bompengeinntektene, t.d. knytt til framtidig takstsystem og inntektsbortfall for elbilar.

Fylkesrådmannen har forståing for at kommunen ønskjer eit anna bompengelopplegg. Det er likevel særskilt krevjande å få fram eit tilstrekkeleg kvalitetssikra grunnlag som kan leggast fram for Stortinget til like over sommaren. Fylkesrådmannen arbeider no vidare med eit opplegg etter kommunestyret sitt vedtak 10. mai.

For å kunne rekkje ei slik framdriftsplan, vil det vere naudsynt å leggje opp til ekstraordinært møte i hovudutval for samferdsel og mobilitet, samt i fylkesutvalet, i samband med fylkestinget i juni.

Parallelt med dette vert det arbeida med eit utkast til stortingsproposisjon. Denne skal sendast til kvalitetssikring i Vegdirektoratet før den vert sendt til departementet. Målet er som nemnt ovanfor at saka vert oversendt til Stortinget i august i år.

Det er opp til Stortinget når saka vert handsama.

